



# Vågsøy kommune

## Møteprotokoll

### Oppvekst- og kulturutvalg

<b>Møtested:</b>	Vågsøy ungdomsskule
<b>Møtedato:</b>	12.06.2012
<b>Tidspunkt:</b>	09:00 - 13:00

**Til behandling:**      **Saksliste nr. 028/12 - 037/12**

#### Medlemmer:

H - Jonny Almenning (Leder)  
AP - Frode Falkevik Kupaen (Medlem)  
V - Selma Strand Larsen (Medlem)  
H - Anett Berg (Medlem)

#### Varamedlemmer:

FRP - Victoriya Sukhanik (Varamedlem)  
KRF - Olav Gjesdal (Varamedlem)  
SP - Marit Nore Sørhaug (Varamedlem)

#### Forfall:

SP - Terje Kolseth (Medlem)  
FRP - Kåre Eide (Medlem)  
KRF - Marianne K. Pleym Refvik (Medlem)

#### Ungdomsrådet:

Sondre Nerland

Av 7 medlemmer møtte: 4. Totalt frammøtte: 8

Fra administrasjonen møtte: kommunalsjef Tone Holvik, økonomisjef Norvall Bakke, kommuneplanlegger Janne Midtbø, rådgiver skole/barnehage Line Dalelv og tjenesteleder Odd Gunnar Myhre. I tillegg møtte ordfører Morten A. Hagen.

Måløy, 12.06.2012

Tone Holvik  
kommunalsjef

Irene Sivertsen  
konsulent



## Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
028/12	Godkjenning av møteprotokoll	
029/12	Referatsaker/Orienteringssaker	
030/12	Drøftingssak	
031/12	Økonomimelding I 2012 for Vågsøy kommune	
032/12	Kulturmidlar - fordeling av midlar 2012	
033/12	Kulturskulen – Aspirantregistrering	
034/12	Lokal registrering av Kulturminner	
035/12	Kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024	
036/12	Søknad om skuleskyss	Unntatt offentlighet
037/12	Søknad om skuleskyss	Unntatt offentlighet

Møtet i Oppvekst- og kulturutvalget ble avholdt på Vågsøy ungdomsskule.

Først i møtet ble det presentasjon v/ Kjell Oldeide vedrørende Nordfjord Havfiskeklubb og Måløy Havfiskefestival.

Deretter ble det orientering og omvisning av tjenesteleder Kåre Bakke.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	12.06.2012	028/12

**Endelig vedtak i:**  
Oppvekst- og kulturutvalg

**Arkivsaknr.:**  
12/1012

**Saksansvarlig:**  
Irene Sivertsen

## Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

### 12.06.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Ingen merknader.

### Votering

Rådmannens innstilling ble enstemmig godkjent.

OK-028/12

#### Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 23.05.2012 er utsendt tidligere.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	12.06.2012	029/12

**Endelig vedtak i:**  
Oppvekst- og kulturutvalg

**Arkivsaknr.:**  
12/1011

**Saksansvarlig:**  
Irene Sivertsen

## Referatsaker/Orienteringssaker

### Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

### 12.06.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

**Ref. sak 2: Referat frå møte om kulturminner i Barstadvika**

Kommunalsjef Tone Holvik orienterte. Oppvekst- og kulturutvalget kom med tilbakemeldinger om at hullet i taket fortsatt ikke var gjort noe med og at de var skuffet over at økonomien skulle sette en stopper for utbedringer. Flyttet man bygget tok man også vekk fundamentet. Kommunalsjef Holvik ga replikk på at det var avtalt møte med Sogn og Fjordane Fylkeskommune for å se hva de kunne bidra med, og for å finne måter på hvordan ting kunne finansieres.

**Ref. sak 6: Sjumilssteget - til det beste for barn og unge i Sogn og Fjordane**

Vågsøy kommune kan søke om midler, administrasjonen tar seg av å søke.

Andre spørsmål som ble stilt til referatsakene ble besvart av kommunalsjefen og foranlediget ikke merknader.

### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig tatt til etterretning med unntak av de ovenstående merknader.

OK-029/12

### Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

### Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	12/5571	I 09.05.2012	Det kongelige kulturdepartement	Høring - utkast til lov om Norsk kulturråd
2	12/5405	I 08.05.2012	Nordplan AS avd.	Referat frå møte om

				Førde	kulturminner i Barstadvika
3	12/5751	I	14.05.2012	Utdanningsdirektorat et	Høring - Fag- og timefordelingen for opplæring i og/eller på samisk eller finsk som andrespråk
4	12/5562	I	09.05.2012	Sogn og Fjordane Fylkeskommune Samferdsleavdelinga	Møtereferat 09.05.2012 vedr. skuleskyss i Vågsøy kommune 2012/2013
5	12/6127	I	23.05.2012	Sogn og Fjordane Idrettskrins	Idrettsanlegg, rettleiingstilbod planarbeid og spelemiddelsøknader
6	12/6330	I	23.05.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Sjumilssteget - til det beste for barn og unge i Sogn og Fjordane



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	12.06.2012	030/12
Kommunestyre	20.06.2012	

**Endelig vedtak i:**  
Oppvekst- og kulturutvalg

**Arkivsaknr.:**  
12/1014

**Saksansvarlig:**  
Irene Sivertsen

## Drøftings sak

### 12.06.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Rådgiver skole/barnehage Line Dalelv ga ei grundig orientering om tilstandsrapport grunnskolen 2010/2011 – 2011/2012. Spørsmål ble besvart underveis i orienteringen av rådgiver Dalelv og kommunalsjef Tone Holvik.

#### Votering

Ingen votering.

OK-030/12

#### Vedtak:

Ingen vedtak.

## 1. Tilstandsrapport grunnskolen 2010/2011 - 2011/2012:

### Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Opplæringslova §13-10

Opplæringslova § 2-12

Opplæringslova §14-1, 4 ledd: Tilsyn og kontroll

Stm.31 (2007-2008)

### Bakgrunn for saka

*Ansvarer til kommunen er heimla i opplæringslova § 13- 10, der det står:*

*”Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 har ansvaret for at krav i opplæringslova og forskriftene blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.*

*Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit **forsvarleg system for vurdering** av om krav i opplæringslova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 ha eit **forsvarleg system for å følgje opp resultatata frå***

desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd.

Frå Utdanningsdirektoratet (Skoleporten):

«Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld.nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.»

Tilstandsrapporten skal drøftast av kommunestyra.

## Saksopplysningar / fakta

Tilstandsrapporten er ein del av det nasjonale kvalitetssikringssystemet. Tilstandsrapporten blir også ein del av kommunen sitt system for kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling. Tilstandsrapporten byggjer på opplysningar frå *skoleporten.no* om resultat frå nasjonale prøver, elevundersøkinga, foreldreundersøkinga, ståstadsanalyse gjennomført på skulane og kostra. Desse resultatata vert halde saman med innspel frå vurderingar som skulane har til desse områda, og vurderingar av tilstanden som er kome fram i prosessane i arbeidet med kommunedelplan for oppvekst denne vinteren/våren. I tilstandsrapporten er det obligatorisk å omtale resultat av nasjonale prøver, elevane sitt læringsmiljø, eksamensresultat, samla sum grunnskulepoeng etter avslutta grunnskuleopplæring, overgangen til vidaregåande skule og kommunen sitt system for internkontroll / kvalitetsvurdering.

Gjennomgåande i nyare forskning er det at skuleeigarar som bevisst satsar på skuleleiarar og lærarar si profesjonsutvikling, ser ut til å nå lengst i å utvikle skular med eit godt læringsmiljø og gode læringsresultat. Vellukka utviklingsstrategiar tek utgangspunkt i få og tydelege mål. Måla må følgjast opp av eit systematisk kvalitetsarbeid som politikarar, forvaltning, skuleleiarar, lærarar, elevar og foreldre samhandlar om.

Utviklinga av skulane og dei tilsette si profesjonsutvikling må baserast på ei kollektiv bygging av kunnskap og kapasitet på alle nivå i organisasjonen.

Det er viktig at det er gode koplingar mellom retningslinjer, praksis og forskning. Forsking legitimerer og gjer det lettare å gjere gode politiske val, å ha ei trygg forvaltning og ei legitim profesjonsutøving blant lærarar og skuleleiarar.

Oppsummert seier nyare forskning at desse faktorane har mest å seie for elevane si læring?

- Læraren si evne til å leie klassar og undervisning
- Læraren si evne til å bygge relasjonar til elevane
- Læraren sin faglege/didaktiske kunnskap
- Elevane kjenner måla for opplæringa og får vere med å vurdere eiga læring
- Elevane får jamlege tilbakemeldingar om kvar dei står i høve til måla for opplæringa og råd om korleis dei skal forbetre seg.
- Elevane har foreldre som støttar opp om opplæringa.
- Administrativt nivå har kompetanse og kapasitet til å følgje opp både politikk og profesjon
- Ei skuleleiing som kan leie lærarane si profesjonsutvikling
- Aktive skuleeigarar som har vilje til å utgjere ein forskjell, og som utøvar eit skuleeigarskap basert på innsikt og kunnskap om skulesektoren.

## Vurdering / konsekvensar

Vedlegg:



Vågsøy kommune nyttar eit system for kvalitetsvurdering/kvalitetsutvikling som fyller krava i opplæringslova §13-10 som er utvikla i eit samarbeid mellom alle nordfjordkommunane. Tilstandsrapporten er kome til i ettertid og må innarbeidast i års-hjulet. Årshjulet inneheld ei rekkje arenaer for dialog. Utfordringa er å finne ein raud trå mellom desse arenaene, og å styrke dialogen med det politiske nivået , og å gje politisk nivå den kunnskapen dei treng for å fatte dei rette vedtaka.

Vågsøy kommune v/ ordførar, utvalsleiar, kommunalsjef for oppvekst og rådgjevar for barnehage/skule deltek på vegne av Vågsøy kommune i programmet "Den gode skuleeigar", som er som nettopp set fokus på å betre samhandling mellom administrativt og politisk nivå i kommunane.

Vågsøy kommune starta våren 2009 opp eit felles arbeid for alle skulane i Vågsøy i arbeidet med vurdering for læring som går på å betre dei seks fyrste faktorane ovanfor. Vågsøy kommune var tidleg ute i dette arbeidet, men har enno ein veg å gå før målet om ei ny kultur for vurdering er nådd.

Vågsøy kommune har i samarbeid med Selje kommune fått Høgskulestudie i klasseleiing til Bryggja til hausten. Vågsøy har seksten lærarar som skal gå på dette studiet. Studiet i klasseleiing handlar også om å utvikle dei seks fyrste faktorane ovanfor. Ved at det er fleire lærarar ved kvar skule som deltek på studiet vil ein ha eit mykje større høve til å arbeide med implementering i heile kollegia.

Begge dei to satsingane er viktige i arbeidet med å auke kunnskapane og ferdigheitene i arbeidet med tilpassa opplæring for den einskilde i fellesskapet.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	11.06.2012	024/12
Oppvekst- og kulturutvalg	12.06.2012	031/12
Formannskap	13.06.2012	038/12
Kommunestyre	20.06.2012	

**Endelig vedtak i:**  
Kommunestyret

**Arkivsaknr.:**  
12/725

**Saksansvarlig:**  
Norvall Bakke

## Økonomimelding I 2012 for Vågsøy kommune

### Rådmannens innstilling

Kommunestyret godkjenner rådmannens forslag til økonomimelding I 2012

### 024/12: Økonomimelding I 2012 for Vågsøy kommune

#### 11.06.2012 Helse-og omsorgsutvalg

##### Møtebehandling:

Økonomisjef Norvall Bakke orienterte. Spørsmål og kommentarer ble besvart under orienteringen av økonomisjef Bakke, rådmann Svanhild Mosebakken og kommunalsjef Jeanette Jensen.

AP v/ repr. Helen Hjertaas stilte spørsmål om barnehage- og ungdomsarbeider ved barnehage og skole. Rådmann Svanhild Mosebakken undersøker dette og kommer tilbake med informasjon.

SP v/ repr. Nils Myklebust fremmet følgende forslag:

”Rådmannens forslag vert godkjent med følgande endring: Pleie, rehabilitering og omsorg vert auka med 0,5 millioner kroner i 2012 og 1,2 millioner kroner i dei påfølgande år. Midlane taes av reduksjon av fondsavsetting”.

### Votering

Det ble votert alternativt over rådmannens innstilling og SP v/ repr. Nils Myklebust sitt forslag. SP v/ repr. Myklebust ble vedtatt mot 1 stemme.

HS-024/12

#### Vedtak:

Rådmannens forslag vert godkjent med følgande endring: Pleie, rehabilitering og omsorg vert auka med 0,5 mnok i 2012 og 1,2 mnok i dei påfølgande år. Midlane taes av reduksjon av fondsavsetting.

## 12.06.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

### Møtebehandling:

Økonomisjef Norvall Bakke og kommunalsjef Tone Holvik orienterte. Det var enighet i oppvekst- og kulturutvalget at økonomisjef Bakke orienterte om utvalget sitt område på grunn av mange saker på programmet, i tillegg orienterte økonomisjef Bakke om driftsresultatet og investeringer vedrørende skole.

### Votering

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

OK-031/12

### Vedtak:

Kommunestyret godkjenner rådmannens forslag til økonomimelding I 2012.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

[LOV-1992-09-25-107](#) Kommuneloven – kompl. Lov om kommuner og fylkeskommuner

- [2000.12.15 nr 1423](#): (KRD) Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)
- [2000.12.15 nr 1424](#): (KRD) Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner)
- [2000.12.15 nr 1425](#): (KRD) Forskrift om rapportering fra kommuner og fylkeskommuner

31.05.2011: Økonomireglement for Vågsøy kommune

31.05.2011: Finansreglement for Vågsøy kommune

## Bakgrunn for saken

I henhold til kommunens økonomireglement rapporteres det pr 1. tertial i budsjettåret 2012.

## Saksopplysninger / fakta

Det vises til vedlagt dokument Økonomimelding I 2012 med vedlegg.

## Vurdering / konsekvenser

Det vises til vedlagt dokument Økonomimelding I 2012 med vedlegg.

Vedlegg:

Dok.nr  
90766  
90767  
90768  
87713

Tittel på vedlegg  
Økonomimelding I 2012 - Vågsøy kommune (20120605).pdf  
Vedlegg 1 ØKM I 2012 Investeringer (20120605).pdf  
Vedlegg 2 ØKM I 2012 - Vågsøy sokneråd\_økonomi investering.pdf  
Gebyr renovasjon 2012





SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	12.06.2012	032/12

**Endeleg vedtak i:**  
Oppvekst og kulturutvalet

**Arkivsaknr.:**  
12/671

**Saksansvarleg:**  
Odd Gunnar Myhre

## Kulturmidlar - fordeling av midlar 2012

### Rådmannen si innstilling

Oppvekst- og kulturutvalet sluttar seg til rådmannen sitt forslag til fordeling av kulturmidlar i 2012.

### 12.06.2012 Oppvekst- og kulturutvalg Møtebehandling:

Tjenesteleder Odd Gunnar Myhre orienterte.

AP v/ repr. Frode Kupaen ga tilbakemelding om at sum per medlem varierte, bedre å sette en fast sum for på den måten å unngå skeiv fordeling. Tjenesteleder Myhre kom med replikk på at det var vanskelig å vurdere opp i mot hverandre, midlene til utdeling var lav.

Oppvekst- og kulturutvalget diskuterte søknadene. Det var enighet i utvalget når det gjaldt de som hadde søkt innen idrett, sang og musikk. Enighet også rundt de som hadde søkt innen barne- og ungdomsarbeid. Når det gjaldt de under prosjekt var kriteriet å være nyskapende. H v/ repr. Jonny Almenning kom derav med følgende endringsforslag til omfordeling av kulturmidlene 2012:

#### PROSJEKTER

Måløy Disc Golf	2500
Måløy Skateklubb	7500
Torskangerpoll Musikklag	0
Nordfjord Havfiskeklubb	10000

### Votering

Det ble votert alternativt over rådmannens innstilling og H v/ repr. Jonny Almenning sitt endringsforslag. H v/ repr. Almenning ble enstemmig vedtatt.

OK-032/12

#### Vedtak:

#### IDRETT, SONG OG MUSIKK

Almenning Idrettslag	4000
Måløy Idrettslag	11000
Skram Skoles Musikkorps	2500

Torskangerpoll Musikklag	2500
Raudeberg Skulemusikkorps	2500
Skavøypoll Idrettslag	28000
Tornado Måløy FK	14000
Bryggja Idrettslag	3000
Holvik Skulekorps	2500
Bryggja Skulekorps	2500

#### BARNE OG UNGDOMSARBEID

Måløy Speidargruppe	2500
Hei og Hå 4H	2500

#### PROSJEKTER

Måløy Disc Golf	2500
Måløy Skateklubb	7500
Nordfjord Havfiskeklubb	10000

## Bakgrunn for saka

Det er sett av kr 100.000,- til kulturmidlar i budsjettet for 2012. Det vart annonsert om ordninga av i Fjordenes Tidende. Saka fekk og redaksjonell omtale i avisa. Det vart og informert om ordninga på heimesida til kommunen.

## Saksopplysningar / fakta

Etter ynskje frå oppvekst og kulturutvalet vart kriterium for tildeling av kulturmidlar endra i møte 8. mai 2012. Det vart mellom anna opna opp for å gje støtte til nyskapande prosjekt.

Det er kome inn 25 søknader. Totalt er det søkt om 563 000 kroner.

<b>Idrett, song og musikk</b>	<b>Tal på medl. under 19 år</b>
Almenning Idrettslag	46
Måløy Idrettslag	151
Skram Skoles Musikkorps	15
Torskangerpoll Musikklag	5
Raudeberg Skulemusikkorps	27
Skavøypoll Idrettslag	342
Tornado Måløy FK	180
Bryggja Idrettslag	36
Holvik Skulekorps	27
Bryggja Skulekorps	21
Vågsøy Musikklubb	0

<b>Barne- og ungdomsarbeid</b>	<b>Tal på medl. under 19 år</b>
Måløy Speidargruppe	13
Hei og Hå 4H	26

<b>Grendelag/bygdslag - grendahus</b>	<b>Tal på medl. under 19 år</b>
---------------------------------------	---------------------------------

Almenning Grendelag	21
Framhug BA	0
Våge Oppedal Bygdelag	28
Vedvik bygdelag	39
Silda Grendahus	0
UL Dæmring	31
Kvalheim Grendalag	38

<b>Anna</b>	<b>Tal på medl. under 19 år</b>
Mental Helse Vågsøy	0
Skongenes Fyr – YNT	50

<b>Prosjekt</b>	<b>Prosjekt</b>
Vågsøy Frivilligsentral	Natteravner
Måløy Disc Golf	Etablering av frisbee golf bane på Moldøen
Måløy Skateklubb	Skatepark i Måløy
Torskangerpoll Musikklag	Prosjekteringsmidlar til Stormfestival 2012
Nordfjord Havfiskeklubb	Havfiskefestival 2012

## Vurdering / konsekvensar

Søknadene er, som tidlegare år, handsama ut frå prinsippet om at lag og organisasjonar som mottar støtte må drive med **arbeid/aktivitet for barn og unge**. Søkjarar med medlemmar under 19 år i Vågsøy kommune prioriterast.

Det er og kome inn 7 søknader frå ulike bygdelag/grendahus. Nokre av desse har søkt om renovering/ombygging av bygningsmasse. Det ligg utanfor kriterium for tildeling av kulturmidlar. Nokre bygdelag er veldig aktive og har mykje aktivitet for barn og unge men med så mange søknader og så lite midlar er det vanskeleg å prioritere desse.

Mental Helse sin søknad ligg utanfor kriterium for tildeling av kulturmidlar, då det vert søkt om å utarbeide ein informasjonsfolder. Vågsøy musikkklubb har ikkje medlemmar under 19 år og vil då ikkje bli prioritert jamfr kriterium for tildeling av kulturmidlar. YNT - Skongenes Fyr sin søknad ligg utanfor kriterium for tildeling av midlar då det er søkt om restaurering av eit naust.

### Det er kome inn 5 prosjektsøknadar:

Måløy Disc Golf arbeider med å få restaurert ei frisbee golf bane på Moldøen.

Måløy Skateklubb vil lage eit forprosjekt som tek sikte på å få etablert ein skatepark i Måløy.

Torskangerpoll Musikklag søkjer om prosjekteringsmidlar til neste års Stormfestival 7-9 juni 2013. Nordfjord Havfiskeklubb søkjer om midlar til aktivitetar for barn i samband med Havfiskefestivalen 2012.

Vågsøy frivilligsentral søkjer om midlar til å rekruttere fleire "natteravnar".

Vågsøy frivilligsentral mottek kvart år 210 000 kroner i støtte frå Vågsøy kommune.

Rådmannen tilrår slik fordeling av kulturmidlar i 2012:

### IDRETT, SONG OG MUSIKK

Almenning Idrettslag	4000
Måløy Idrettslag	11000
Skram Skoles Musikkorps	2500
Torskangerpoll Musikklag	2500
Raudeberg Skulemusikkorps	2500

Skavøypoll Idrettslag	28000
Tornado Måløy FK	14000
Bryggja Idrettslag	3000
Holvik Skulekorps	2500
Bryggja Skulekorps	2500

#### BARNE OG UNGDOMSARBEID

Måløy Speidargruppe	2500
Hei og Hå 4H	2500

#### PROSJEKTER

Måløy Disc Golf	5000
Måløy Skateklubb	5000
Torskangerpoll Musikklag	5000
Nordfjord Havfiskeklubb	5000

#### Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	12.04.2012	Måløy Idrettslag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
2	U	13.04.2012	Fjordenes Tidende	Annonse - Fjordenes Tidende
3	I	18.04.2012	Raudeberg Skulemusikkorps	Søknad om tilskot til kulturarbeid
4	I	24.04.2012	Skavøypoll Idrettslag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
5	I	01.05.2012	Skram Skoles Musikkorps	Søknad om tilskot til kulturarbeid
7	I	02.05.2012	Holvik Skulekorps	Søknad om tilskot til kulturarbeid
8	I	03.05.2012	Framhug BA	Søknad om tilskot til kulturarbeid
9	I	04.05.2012	Mental Helse Vågsøy	Søknad om tilskot til kulturarbeid
10	I	04.05.2012	Måløy Disc Golf	Søknad om tilskot til kulturarbeid
6	I	06.05.2012	Våge Oppedal bygdelaag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
11	I	09.05.2012	UL Dæmring	Søknad om tilskot til kulturarbeid
12	I	14.05.2012	Nordfjord Havfiskeklubb	Søknad om tilskot til kulturarbeid
13	I	14.05.2012	Vågsøy frivilligsentral	Søknad om tilskot til kulturarbeid
14	I	14.05.2012	Måløy Skateklubb	Søknad om tilskot til kulturarbeid
16	I	14.05.2012	Torskangerpoll Musikklag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
17	I	14.05.2012	Måløy speidergruppe	Søknad om tilskot til kulturarbeid
18	I	14.05.2012	Torskangerpoll Musikklag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
19	I	14.05.2012	Bryggja skulekorps	Søknad om tilskot til kulturarbeid
20	I	14.05.2012	Almenning IL	Søknad om tilskot til kulturarbeid
21	I	14.05.2012	Skavøypoll Skulemusikkorps	Søknad om tilskot til kulturarbeid
22	I	14.05.2012	Vedvik Bygdelaag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
23	I	14.05.2012	Bryggja Idrettslag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
24	I	14.05.2012	Silda Grendahus	Søknad om tilskot til kulturarbeid
25	I	14.05.2012	Almenning Grendalag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
26	I	15.05.2012	Tornado Måløy FK	Søknad om tilskot til kulturarbeid
28	I	15.05.2012	Kvalheim Grendalag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
29	I	15.05.2012	Hei og Hå 4H	Søknad om tilskot til kulturarbeid
27	I	16.05.2012	Skongenes Fyr Ytre Nordfjord Turlag	Søknad om tilskot til kulturarbeid
30	I	17.05.2012	Vågsøy Musikkklubb	Søknad om tilskot til kulturarbeid







SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	12.06.2012	033/12

**Endeleg vedtak i:**  
Oppvekst og kulturutvalet

**Arkivsaknr.:**  
12/920

**Saksansvarleg:**  
Odd Gunnar Myhre

## Kulturskulen - Aspirantregistrering

### Rådmannen si innstilling

Oppvekst- og kulturutvalet tilrår at ein endrar praksis for registrering av aspirantelevar på kulturskulen i tråd med saksutgreiinga. Den nye praksisen vert gjeldande frå hausten 2012.

### 12.06.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Tjenesteleder Odd Gunnar Myhre og kommunalsjef Tone Holvik informerte.

#### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

OK-033/12

#### Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet tilrår at ein endrar praksis for registrering av aspirantelevar på kulturskulen i tråd med saksutgreiinga. Den nye praksisen vert gjeldande frå hausten 2012.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Gebyr og betalingssatsar Vågsøy kommune 2012

## Bakgrunn for saka

Vågsøy kommunale kulturskule tilbyr undervisning i musikk og forming. Elevane som får undervisning på tangent, gitar, song og forming vert registret som enkeltelevar.

Elevane som går på aspirantundervisning vert ikkje registrert som enkeltelevar då påmeldinga går gjennom korpsa og ikkje direkte gjennom foreldra slik som med dei andre elevane .

Dette fører til at opplysningar om drift og aktivitet pr tildelte midlar ikkje kjem riktig frem i til dømes KOSTRA (kommune stat rapportering). Aspirantar som skulen underviser vert ikkje

oppfatta som elever og dermed ser det ut som om at skulen brukar meir midlar pr enkeltelev enn kva som er reelt.

## **Saksopplysningar / fakta**

Sida oppstart i 1993 av det som no heiter Vågsøy kommunale kulturskole, har praksis vore at skulen har selt tenester til korpsa i form av lærarkrefter til aspirantundervisning. Korpsa har søkt om timar til undervisning, men det har ikkje kome fram kor mange aspirantar kulturskolen har undervist pr time.

Vågsøy kommune er i særstilling i fylket den største når det gjelder tal korps og aspirantar. Det har variert noko kor stor ressurs kulturskolen har brukt på aspirantundervisning, men i snitt har det vore godt over det dobbelte av landsgjennomsnittet.

Det er fleire måtar ein kan få registrert aspirantane på som elevar ved skulen og dermed få fram eit meir riktig bilde av aktiviteten ved skulen. For å gjere det på ein måte som minst mogleg endrar den administrative drifta av korpsa vil ein kome med følgjande framlegg:

Som eit kriterium for tildeling av timer til korpsa, krevjast det at korpsa med den enkeltes føresettes samtykke, at det leverast nødvendige registreringsopplysningar om den enkelte aspirant, dvs; Namn, fødselsdato, adresse osv. Den ansvarlige for kvar aspirant vert den/dei føresette, men det vert framleis korpsa som mottok krav om elevkontingent. Det kravet vert tilsvarande beløp kommunen til ein kvar tid fastset som betalingssats for sal av tenester til det frivillige musikkliv.

## **Vurdering / konsekvensar**

Når ein skal rapportere bruk av midlar og aktivitet på kulturskulen nyttar ein ofte kostratal. Ved å gjere denne endringa vil ein få eit meir riktig bilde av aktiviteten på skulen og ikkje minst over bruken av midlar i forhold til aktivitet. Det er viktig at kostratala gjev eit så viktig bilde som mogleg slik at dei vert eit godt reiskap for politikarane.

Rådmannen tilrår at ein endrar praksis for registrering av aspirantelevar på kulturskulen i tråd med saksutgreiinga. Den nye praksisen vert gjeldande frå hausten 2012.



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	12.06.2012	034/12
Planutvalg	13.06.2012	055/12

**Endeleg vedtak i:**  
Planutvalet

**Arkivsaknr.:**  
11/1727

**Saksansvarleg:**  
Odd Gunnar Myhre

## Lokal registrering av Kulturminner

### Rådmannen si innstilling

Planutvalet set i verk arbeid med kulturminneregistrering i tråd med saksutgreiinga.

### 12.06.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Tjenesteleder Odd Gunnar Myhre orienterte.

#### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

OK-034/12

#### Vedtak:

Planutvalet set i verk arbeid med kulturminneregistrering i tråd med saksutgreiinga.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Kommuneplan 2002- 2014

Plan- og bygningslova (Lov 2008-06-27-71)

Planstrategi og planprogram for Kommuneplan Vågsøy 2012- 2024

## Bakgrunn for saka

Vågsøy kommune har ikkje gjennomført registrering av kulturminne og har såleis dårleg oversikt over desse. Vågsøy kommune har no søkt og fått tildelt kroner 100 000 i tilskot frå Riksantikvaren til registrering av kulturminne. Registreringsarbeidet kan brukast i arbeidet med å lage ei kulturminneplan for Vågsøy.

## Saksopplysningar / fakta

I tildelingsbrevet frå riksantikvaren står det lista opp nokre punkt om kva registreringsarbeidet skal føre til:

1. "økt kunnskap og bevissthet om kulturminneverdiane i kommunen"
2. "oversikter over og verdsetting av viktige kulturminne, kulturmiljø og landskap"
3. "at dei nasjonale databasane Askeladden og Kulturminnesøk til ei kvar tid er oppdaterte"
4. "betre forvaltning av kulturminne blant anna gjennom bruk av plan- og bygningsloven"
5. "at det vert utvikla eit godt samarbeid mellom ulike aktørar lokalt"
6. "at samarbeidsmodellane med lokale kunnskapsmiljø er robuste på lang sikt"
7. "politiske vedtak om utarbeiding av kulturminneplanar som kommunedelplanar eller delar av kommuneplanar"

Ein ser føre seg eit samarbeid med lokale eldsjeler, lag og organisasjonar for å få gjennomført registreringsarbeidet. I tildelingsbrevet er det vist til "handbok for lokal registrering" som verkty for registreringsarbeidet.

I søknaden som vart sendt var det skissert opp følgjande framdriftsplan som gjekk frå februar til september. Sidan ein ikkje har fått svar på søknaden før no, må ein justere framdriftsplanen. Ein legg opp til følgjande framdriftsplan for registreringsarbeidet i Vågsøy:

Juni 2012

- knyte til seg lag, organisasjonar, institusjonar og eldsjeler som kan bidra i registreringsarbeidet
- kontakt med andre samarbeidspartar
- opplæring i registreringsarbeid

Juli – september 2012

- registrering av kulturminne

Oktober

- samanfatting av registreringsarbeidet
- kvalitetssikring

November - desember

- ferdigstille registreringsarbeidet i ei oversikt som skal inngå i ei kulturminneplan for Vågsøy

Ein er avhengig av eit godt samarbeid med fylkeskommunen i dette arbeidet

I tildelingsbrevet ber Riksantikvaren om tilbakemelding som skal innehalde aksept på bestillinga.

## Vurdering / konsekvensar

Dette er eit forsømt område i Vågsøy. Ein har liten oversikt over kulturminne og ein har lite kompetanse på feltet. No har ein moglegheit til å få gjort registrering av kulturminne og dette arbeidet kan brukast i planarbeid framover. Det er behov for ei kartlegging og eventuelt ei prioritering av kva kulturminne som ein skal ta vare på og leggje til rette. Ein kjem ofte bort i situasjonar der ein har interessekonfliktar mellom til dømes industri/bustadsutbygging og kulturminne.

Rådmannen tilrår at ein startar opp arbeidet med kulturminneregistreringa i tråd med saksutgreiinga.

Vedlegg:

Dok.nr  
88285  
88284

Tittel på vedlegg

Vågsøy kommune. Registrering og verdsetting av kulturminne, utarbeiding av kulturminneplan..PDF  
Følgeskriv

## Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	06.06.2011	Riksantikvaren	Støtteordning for lokal registrering av kulturminner - 2011 og vidare
3	U	19.12.2011	Riksantikvaren - Direktoratet for kulturminneforvaltningen	Søknad om tilskot til lokal registrering av kulturminner
4	I	22.02.2012	Riksantikvaren	11/01017-82 - Søknad om tilskot til lokal registrering av kulturminner
5	I	07.05.2012	Riksantikvaren	11/01017-110 - Vågsøy kommune. Registrering og verdsetting av kulturminne, utarbeiding av kulturminneplan. Tinging av arbeid



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	12.06.2012	035/12
Planutvalg	13.06.2012	056/12

**Endeleg vedtak i:**  
Utval for plansaker

**Arkivsaknr.:**  
12/35

**Saksansvarleg:**  
Tone Holvik

## Kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024

### Rådmannen si innstilling

Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024, datert 5. juni 2012, vert i medhald av pbl § 11-14 vedteken lagt ut til offentleg ettersyn.

### 12.06.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Kommunalsjef Tone Holvik informerte. Kommunalsjef Holvik berømte Oppvekst- og kulturutvalget for arbeidsmøtene de hadde vært igjennom, dette hadde vært med på å gjøre resultatet best mulig. Norconsult har vært leid inn av kommunen for å se på den fremtidige strukturen. Kommunalsjef Holvik presiserte at dette var et 1. generasjonsarbeid og bar preg av dette. Kommunedelplanen er et redskap og må brukes aktivt. Kvaliteten på den enkelte skolen er veldig varierende.

Rådgiver kommuneplan Janne Midtbø orienterte om bakgrunnsfakta av planarbeidet og handlingsplanen.

Tonje Eide Kristiansen og Harald Høgd fra Norconsult presenterte grundig den fremtidige strukturen.

Kommunalsjef Tone Holvik mente Oppvekst- og kulturutvalget skulle gå for rådmannens innstilling og bruke høringstida til å diskutere alternativa.

Oppvekst- og kulturutvalget diskuterte rådmannen si innstilling. Utvalget fremmet følgende endringsforslag:

” Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024, datert 12. juni 2012, vert i medhald av pbl § 11-14 vedteken lagt ut til offentleg ettersyn”.

### Votering

Det ble votert alternativt over rådmannens innstilling og Oppvekst- og kulturutvalgets endringsforslag. Oppvekst- og kulturutvalgets endringsforslag ble enstemmig vedtatt.

OK-035/12

**Vedtak:**

Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024, datert 12. juni 2012, vert i medhald av pbl § 11-14 vedteken lagt ut til offentlig ettersyn.

## **Aktuelle lover, forskrifter og plandokument**

Barnehagelov med forskrifter

Rammeplan for innhald og oppgåver i barnehagen

Formålsparagraf for barnehagen 2010

Opplæringslova med forskrifter

Læreplanverket

Forskrift om Miljøretta Helsevern i barnehage og skule

St. meld. 18 (2010–2011) Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlige behov

St. meld. 22 (2010 – 2011) Motivasjon – Mestring – Muligheter, Ungdomstrinnet

St.meld. nr. 16 (2006-2007) ”.....og ingen stod igjen”

St. meld. nr. 31 (2007-2008) ”Kvalitet i skolen”

St. meld. nr. 41 (2008-2009) ”Kvalitet i barnehagen”

St. meld. nr. (2009-2010) ”Tid til læring” (Oppfølging av Tidsbruksutvalets rapport

NOU 2009:18 ”Rett til læring” (Betre læring for barn, unge og voksne med særskilte behov)

NOU 2009:22 ”Det du gjør, gjør det helt” (Betre samordning av tenester for utsette barn)

NOU 2010:7 ”Mangfold og mestring” (Fleirspråklege, born, unge og voksne i opplæringsystemet.)

Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova)

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse og omsorgstenestelova)

Kulturlova

Lov om barnevernsteneste

Lov om folkebibliotek

Plan- og bygningslov (pbl)

Kommuneplan 2002-2014

Planstrategi og planprogram for revisjon av kommuneplanen 2012-2024

Handlingsprogrammet 2012-2015

Kommunedelplan for helse og omsorg, 2012-2024

Planprogram for Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune, 2012-2024



## Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Vågsøy har vedteke å starte opp arbeidet med kommunedelplan for skule. Gjennom handlingsprogrammet er dette endra til at ein skal utarbeide Kommunedelplan for skule og barnehage, kvalitet og struktur. For å kunne lage ein kommunedelplan som omhandlar kvalitet for skule og barnehage må støttfunksjonane inkluderast. Det er difor valt å gje planen eit meir dekkande namn, Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy.

Planprogram for kommunedelplan oppvekst 2012 - 2024 er lagt til grunn for arbeidet med planen.

Rådmannen har utarbeidd eit framlegg til plan som i tråd med pbl § 11-14 vert lagt fram for utval for plansaker med framlegg til vedtak om å leggje planen ut til offentleg ettersyn.

Etter høyringsperioden vert planen lagt fram for kommunestyret for vedtak.

## Saksopplysningar / fakta

For første gong er det utarbeidd kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune. Arbeidet har vert lagt opp som prosjekt, med brei deltaking frå alle involverte grupper. Hovudprosjektgruppa har hatt jamlege arbeidsmøter og oppvekst- og kulturutvalet har løypande fylgt planprosessen gjennom arbeidsmøter.

Planen er bygd opp med ein hovuddel med visjon, målsettingar, tilrådd handlingsprogram og tilrådd framtidig struktur.

Visjonen for oppvekstsektoren i Vågsøy er **Glade menneske som meistrar**. Visjonen gir oss alle eit felles ansvar for at vi meistrar og er glade, anten vi er barn, ungdom, føreset, medborgar, lag- og organisasjon eller tilsett.

Planen fastlegg 8 hovudmål for å nå visjonen og møte dei utfordringane vi står ovanfor

- Vi er gode på kommunikasjon og læring
- Vi har ein felles pedagogisk plattform for ein einskapleg oppvekst
- Vi er ein lærande organisasjon med god leiing
- Vi er bevisste og reflekterte vaksne
- Vi har barn og føresette som medverkar
- Vi ser den einskilde og tek tidleg tak i situasjonar
- Vi arbeider tverrfagleg og har eit livsløpsperspektiv
- Vi tek vare på kvarandre i eit godt psykososialt miljø
- Vi har glade, kreative, fysiske aktive og utforskande menneske
- Vi har gode bygg og anlegg som fremjar meistring og glede

I handlingsplanen er det lagt inn tiltak for å nå desse målsettingane. Det går tydeleg fram at dette handlar om å gjere dei rette grepa og sette i gang dei rette utviklingsprosjekta. Kostnaden knytt til handlingsprogrammet er i all hovudsak knytt til behov for spesialisert kompetanse inn i prosjekt som er prioritert, og er i snitt om lag 300.000 årleg i ein 4-årsperiode.

Det er presentert 3 moglege nye alternativ for skuledrift i kommunen i tillegg til eksisterande struktur, med løysingar innafor barneskuledrift ved ein, to, tre og fem barneskular. I alle alternativ er det ein felles ungdomsskule i kommunen. For barnehagane er det presentert 3 alternativ med alle eksisterande barnehagar, vidare utbygging av to barnehagar eller ein ny stor barnehage. Barnehagealternativa heng saman med val av skulestruktur.

Vurderinga av barnehage- og skulestruktur viser at det er høve for å redusere driftsnivået i kommunen samtidig som ein kan tilby barna betre fysiske læringsmiljø.

Alternativa med ein ny barneskule gir størst reduksjon i høve til reduksjon i driftsutgifter.

Alternativet med to barneskular er noko dyrare. Begge alternativ vil gje elevane i kommunen gode

fysiske læringstilhøve, men det er færre elevar som får skuleskyss i alternativ 2 enn i alternativ 1. Norconsult sin tilråding er at alternativ 1 eller 2 vert vurdert som likeverdige i høve til framtidig skulestruktur.

Det vert elles vist til vedlagt dokument for innhaldet i planen.

Del 2 Vedlegg til kommunedelplanen beskriv eksisterande oppvekstsektor, framtidige strukturmodellar og viser bakgrunnen for å peike på utfordringar knytt til tidleg innsats, kvalitetsutvikling, kompetanse og rekruttering, heilskapleg innsats og psykososialt miljø. Norconsult har utarbeidd kapittelet om struktur i framtida. Det vert elles vist til vedlegget for detaljar innhaldet.

## **Vurdering / konsekvensar**

Kommunedelplan for oppvekst gir eit godt bilete på utfordringar vi har for den framtidige oppvekstsektoren. I handlingsprogrammet er det i den komande 4-årsperioden lagt inn mange utviklingstiltak for å sikre ein god kvalitet. Kostnadane knytt til desse tiltaka er i hovudsak innanfor den eksisterande drifta.

For å sikre ein kvalitativ god skule er det fysiske læringsmiljøet og ein viktig faktor. I dag har vi ein struktur som uavhengig av evt. val for framtidig struktur vil gje oss kostnader knytt til universell utforming for alle barnehagane og skulane, investeringar i etterslep i vedlikehald på bygga og kostnader knytt til eit tilfredstillande fysisk læringsmiljø som i det vesentlege er knytt til Skram skule og ungdomsskulen.

I framlegg til alternative modellar for ny struktur har Norconsult tilrådd to likestilte alternativ med ein eller to nye barneskular.

Ein barneskule i Måløy og ein barneskule i Skavøypoll vil gje to høveleg store barneskular og langt fleire som kan gå til skulen. Skulane vil vere viktige for lokalsamfunna og begge vil ha betre tilknytning til Måløy sentrum enn ein felles barneskule på t.d. Tennebø. Ved dette alternativet vil skuledrift av barneskulane vere uavhengig av stenging av Måløybrua. Måløybrua har dei seinare åra vert oftare stengt og det er ikkje noko som tyder på at dette vert mindre. Alternativet har høgare driftsutgifter, behov for skyss til basseng og behov for å ha idrettsdel på begge skulane. Dette er eit godt alternativ som både tek omsyn til sikkerheit, møteplassfunksjonen ein skule har og folkehelse fordi mange får gå til skulen.

I planprosessen har det kome fram at eit moment for ein barneskule er at det vert enklare for alle lokalsamfunna å akseptere ein strukturendring som slår likt ut for alle. Dette er det alternativet som gir størst årleg innsparing i drift sett opp mot alternativet med å behalde den strukturen vi har i dag. (Omlag 7 millionar dersom skulen vert bygd utan idrettsdel på Tennebø.) Alternativet med ein stor skule plassert på Tennebø, for å få økonomisk utteljing i forhold til skyssorganisering/kostnader, sambruk av Nordfjordhallen og symjeanlegg og ei meir kostnadseffektiv skuledrift, vil ha nokre konsekvensar som det er viktig at ein tek politisk stilling til.

Eit viktig faktor for utvikling og vekst av kommunen er trivsel og omdømme. Det er viktig at barna og ungdommane i kommunen har ein god oppvekst, føler tilhøyre og har vekst opp med gode møteplassar og aktivitetar. Eit levande sentrum, med møteplassar og aktivitetar, er viktig for ungdommen. Ei samlokalisering av både skule og idrett vil etter kvart føre med seg at andre kulturfunksjonar og fritidsaktivitetar som t.d. folkebibliotek, kulturskule og kino vert flytta til Tennebø området.

Rådmannen rår til at ein nyttar høyringsprosessen til å ta stilling til om ein vil vedta ein ny skulestruktur der ein legg størst vekt på økonomiske argument eller ein struktur der samfunnsverdiar vert tillagt ein høg verdi ved endeleg avgjerd.

Dei to alternativa vert sidestilt:

1. Ein ny barneskule, ein ny eller rehabilitert ungdomsskule og utviding av barnehagane i Holvik og Skavøypoll.

2. Ein ny barneskule i Måløy og utviding av Skavøypoll skule, ein ny eller rehabilitert ungdomsskule og utviding av barnehagane i Holvik og Skavøypoll.

Kommunen er i dag i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Framlegg til investeringar og drift for å sikre ein likeverdig kvalitet i oppvekstsektoren vil gje store utfordringar framover.

Kommunedelplanen synleggjer at uansett val av framtidig løysing for oppvekstsektoren vil det vere absolutt naudsynt for Vågsøy kommune å gjennomføre omfattande investeringar innan sektoren i dei komande åra. For å klarlegge alle forhold rundt korleis kommunen skal takle det framtidige drifts- og investeringsbehovet må det gjerast grundige vurderingar av den samla økonomien til kommunen. Under er nokre moment knytt til ei slik vurdering nemnt.

Av frie fondsmidlar pr i dag har Vågsøy kommune har omlag 8 mnok på disposisjonsfond i drift og omlag 15 mnok på ubundne investeringsfond. Dette er midlar som bør vere ein buffer for utfordringar i drift, og til mindre investeringar. Det er difor ikkje ønskjeleg å nytte desse midlane til dei store investeringane innan oppvekstsektoren.

For å skaffe investeringsmidlar kan ein vurdere sal av mest mogleg kommunal eigedom, som ikkje er absolutt naudsynt for framtidig tenesteproduksjon. Potensialet her må utgreiast nærare. Sal av eigedomar/bygg som ikkje er ein del av den framtidige strukturen vil og gje inntekter.

Av unytta inntekter har kommunen moglegheit til å auke eigedomsskatten frå 4 promille i dag til 7 promille i løpet av 2 år. Dette vil gje ei årleg auka inntekt i frå år 2 på omlag 9 mnok.

Sjølv om tenesteproduksjonen i Vågsøy kommune i hovudsak blir vurdert til å vere effektiv kan det vere potensiale for å frigjere midlar gjennom justert organisering/effektivisering. Potensialet her må ugreiast nærare.

I løpet av høringsperioden for kommunedelplanen vil det bli gjort nærare utgreiingar av korleis kommunen skal takle det framtidige drifts- og investeringsbehovet. Denne prosessen vil gå vidare inn i arbeidet med budsjett 2013 og økonomiplan 2013 – 2016 i haust.

Vedlegg:

Dok.nr  
290803  
90804

Tittel på vedlegg  
Kommunedelplan Oppvekst, framlegg til offentleg ettersyn.pdf  
Kommunedelplan Oppvekst del 2 vedlegg.pdf



# Vågsøy kommune

## Sakspapir

Unntatt offentlighet Oppl. underl.teieplikt Off.l.§13/Fv.l.§13

SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg		036/12

**Endeleg vedtak i:**  
Oppvekst og kultur

**Arkivsaknr.:**  
12/996

**Saksansvarleg:**  
Line Karin Dalelv

**Søknad om skuleskyss**



# Vågsøy kommune

## Sakspapir

Unntatt offentlighet Oppl. underl.teieplikt Off.l.§13/Fv.l.§13

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnummer</b>
Oppvekst- og kulturutvalg	12.06.2012	037/12

**Endeleg vedtak i:**  
Oppvekst- og kulturutvalg

**Arkivsaknr.:**  
12/206

**Saksansvarleg:**  
Viviann Midtbø

**Søknad om skuleskyss**